

«Våpen ønskes ikke»



Milorgs største øyeblikk — Terje Rollem overtar kommandoen på Akershus under frigjøringen i mai 1945.

Av Arnfinn Moland

I kva grad er historia om okkupasjonstida ukjent? I liten grad, når vi tenkjer på helle den historiske kunnskapsbasen. Men vektlegging, perspektiv og vinkling skiftar over tid og frå den eine fagmann til den andre, og kjelder som av ein generasjon ikkje blir sett på som spesielt interessante, kan gjera den neste nyfiken og undrande.

Ser vi på Hjemmefronten, er bildet som har festa seg på vår nasjonale netthinne — «gutta på skauen» på vakt og med våpna i stilling — ei romantisert framkalling, unansert,

**Eit
kollektivt
alibi
å ausa av**

men like fullt med delar av sanning ved seg. Vi hadde i siste del av krigen regulære geriljasoldatar i deknning, trenings og væpna for kamp. Bildet to- nar så over i ein visjon av einskap og styrke, eit heilt folk i kamp mot okkupant og medleparar i fem lange år.

Slik var det ikkje. Sjølv om det norske folk fortener det kjende «Look to Norway», etter å ha avvist nazistiske åtak på dei ideologiske bærebjelkane i vårt samfunn, var ikkje kvardagen for folk flest prega av motstandskamp. Men totalbildet i den norske folkesjela av motstandskampen gir alle, med naturlege unntak, eit godt samvit. «Kva gjorde du i Helmeffronten, far?» — ny vri på kjent spørsmål — stillar sjelden far i forlegenhet. Han har eit kollektivt alibi å ausa av.

Taleføre patriotar i alle samfunns- lag har ikkje stukke den norske motstandsviljen under ein stol, og har det vore anakk om å hella malurt i eit eller anna beger, har vi alltid hatt manglande forsvarsbevilgningar, 9. april og hysjardvold-regjeringa å ty til. Men historia er aldri enkel, aldri eindimensjonal.

Vi kan ikkje venta at komande slekter skal slå seg til ro med våre tilvande problemstillingar. Vi likar å bli tatt til inntekt for haldningar som historia ga rett og som i ettertid utan atterhald har blitt oppfatta som sjølvsagde og som allemannseige. Eit døme på dette er avgjerdsda om å seie nei til det tyske ultimatum våren 1940 og dermed ja til krig. Mindre likar vi å bli minna om det vi meinte då nasjonen sto midt i striden, utan «the benefit of hindsight», som det heiter på godt amerikansk. Når så etterkrigsjellar stillar seg undrande, blir problemstillinga strake: Du har ikkje opplevd krigen! Nei, dei fleste har ikkje det etter kvart.

La oss ta utgangspunkt i to dokument frå krigen, ukjende for dei fleste,

■ ■ Vår ukjente krigshistorie: En ny generasjon historikere har ikke nødvendigvis samme følelsesmessige tilknytning til begivenheter og fenomener som tidligere generasjoner. I et par kronikker behandler vi emner som dels er dårlig kartlagt og dels vurdert på en noe annen måte. Første bidragsyter er Arnfinn Moland, lektor ved Hjemmefrontmuseet og en av forfatterne av bind 6 av «Norge i krig».

VÅR UKJENTE KRIGSHISTORIE

som begge kan grunnis med lange utredningar og fortolkningar frå del- takergenerasjonen, som sjølvsagt treng ei djupare analyse, men som like garantert vil stå fram som noe av eit mysterium for dei som har fått okkupasjonsmakter, frigjeringskrigar og gerilja inn saman med chips og cola.

Først går vi tilbake til våren 1940. 27. mai, medan krigen rasa for fullt i Narvik, leverte tidligare regjeringsadvokat Kristian Johansen på oppmoding frå Norges Industriforbund eit skriv om «de rettslige følger av krigs- begivenhetene i Norge». Her finn ein følgjande: «For det første er det uomtvistelig at innen det besatte område går okkupasjonsmyndighetenes bestemmelser foran den ordinære norske regjerings bestemmelser. Den siste kan ikke ved noen forandring, gyldig pålegge den norske befolkning å foreta eller undlate noe, som okkupasjons- makten forbyr eller forlanger, (...).»

På spørsmålet «Er nye lover og forordninger som etter 9/4 1940 utstedes av den norske regjering bindende for rettssubjekter i det okkuperte område?» svarer advokaten eit klart «Nei». Etter at helle Norge var blitt okkupert, laga Johansen eit tillegg. Sitat frå dette blei sendt ut til alle Industrifor- bundets medlemmer med helsing ad- ministrerende direktør Lorentz Vogt, her står det m.a.: «Konsekvensen er at enhver norsk borger — eller selskap — er lovmessig berettiget til å slutte kontrakter med okkupasjonsmyndighe- ten om ethvert arbeide og enhver pre- stasjon innen rikets område.»

Slike dokument gir skarpe innblikk i det merkelige året 1940 — eit år som ofte er gjort enkelt og svart/kvitt, men som i realiteten ga oss det meste: Frå fotballkamper mellom tyske og norske soldatar i mai til ei seriøs oppmoding frå høyesterettsjustitiarius Pål Berg, på vegne av mange, til kong Haakon i

**To
dokument
- ukjende for
dei fleste**

april om «Kron- prinsens i radio kunne rette noen ord til folk i de hørtatte områ- der om å forhol- de seg besindig og rolig og av- holde seg fra sabotasje og ødeleggesels- handlinger». Kongen svara: «...ingen kan vente at jeg eller kronprinsen skal oppfordre folket til lydlighet mot tysk myndighet.»

Klimaet var ikkje godt i 1940 for det vi legg i ordet «hjemmefront». Mot- stand bak fiendelinjer, sabotasje og gerilja var fremmedord i Norge langt ut i krigen. Ikkje bare dei som hadde stelt med forsvarsbudsjett og utan- rikspolitik var prega av at vi hadde ei 136 års fredstid for Norge bak oss. Dei som slår seg på brystet, og mange kan halda fram med det med godt

samvit, må rekna med å få sine stand- punkt vurdert i kronologisk orden ut frå nye problemstillingar og nye røynsler. Dei skriftlege kjeldene slut- tar ikkje å tala.

Det andre dokumentet tar oss meir enn to år ut i okkupasjonen. I eit tele- gram frå 14. oktober 1942, sendt av Milorg-ledelsen til Forsvarets Over- kommando heiter det: «Vennligst in- struer folk dere sender hit, f.eks. våpeninstruktører, om at de ikke må drepe folk, selv i selvforsvar, da dette ville lede til re- presalier her. Vi følger selv denne linje, f.eks. ved eksport.»

**Milorg -
ein militær
søndags-
skole?**

Svaret frå London kunne — og kan — ikkje overraske noen: Å ikkje forsvare seg strir «mot den menneskelige natur». Mennene bak har vore flinke til å grunngi sitt «Ja». Trå dengong, så overtydande gjør dei det at vi stort sett er samde om at dette var vel best når alt kom til alt. Så når ein motstandsponer, som då sat i London, kalla Milorg for «militær søndagskole», fekk ikkje dette gjen- nomslag i ettertid.

Norge var eit fredelig land, nord- menn blei generelt handsama annleis enn serbere, opinionen ga ikkje leiara- ne grunnlag for ein spesielt aktiv og militant motstand. I dag har vi vondt for å tenkja oss motstand utan våpen, slikt har naturleg nok ikkje prega dei heimelfrontbildet som har festa seg hos folk flest. Heller ikkje etterkrigs- tida har gitt grunnlag for å assosiere tid- ligare heimelfrontleiarar med ei slik problemstilling.

I 1941, -42 og -43 var det stadig ord- skifte i motstandsleinga om dette, «våpen ønskes ikke», var klart uttalt i rapport til Kongen 10. juni 1941. Då Milorg først i januar 1943 kom til at våpen var ein forutsetnad for å halda fram, tok den stivle leiinga, Kreisen, fram dei store bokstavane. Dei såg for seg «dei rene barnekortag». Dei nak- tene synspunkt Milorg la fram i sam- band med sitt ønske om væpning blei karakterisert som «rent isolerte og helt gjennom virkelighetsferne».

Slik var klimaet halvveis i krigen, men medan vi fordayar dette må vi ikkje gjera reint bord og enda opp med at motstandskampen i Norge er ein myte. Kortslutningar gir eit ganske fascinerade lysglimt, men mørket et- terpå er desto meir overveldande. Det har stengt for mang ein konstruktiv debatt, like effektivt som redsel for nye perspektiv og nye synsmåtar. Når nye stormar kjem, som dei alltid vil gjera, på hav eller i vannglass, skadar det heller ikkje å minna om at eit menneske bare unntaksvis blir betre i ein krig.

105151

Det er ikke bare en historie om krig, det er en historie om mennesker, om deres liv, om deres drømmer, om deres håp, om deres frykt, om deres motstand, om deres kamp, om deres seier, om deres nederlag, om deres minner, om deres glemte, om deres gjenfødte, om deres evige.